

# Nest best

-korleis det gode så lett tek plassen til Den Gode

Under andre verdskrigene var kaffi sjeldan vare, og kaffi-erstatninga som var å få tak i var basert på løvetann og erter. Ingen som hadde smakt ekte kaffi føretrakk erstatninga. Likevel gjekk det ned, det var jo trass alt det nest beste, var det ikkje?

Vi les i Bibelen og syng rett som det er i songar at Gud skapte oss for at vi skulle vere nært knytt til han, og at det er det beste for oss. Men vi har så utruleg lett for å knyte våre håp, vår verdi og vår identitet til eitt eller anna som vi løftar opp og gjer til det viktigaste i livet vårt.

I denne serien vil vi prøve å avsløre korleis ting som eigentleg er gode i seg sjølv kan bli guds-erstatningar. Kvifor ta til takke med det nest beste, erstatninga, når den ekte livgjevande varen er gratis tilgjengeleg for alle?

## litt om tema

Mange har lurt på kvifor boka Forkynnaren i det heile tatt er med i Bibelen. For det verkar som ei tungsinngi bok som ikkje gir oss tydelege eksemplar som vi berre kan kopiere og leve etter.

Men akkurat denne boka er kanskje ei av dei mest aktuelle Bibelen innehold for vårt moderne forbrukarsamfunn. For bokas hovudperson, Kohelet Forkynnaren, han var mellom dei få i si tid som hadde høve til å teste ut det grenselause forbrukarlivet som vi i våre dagar omgir oss med.

Kohelet seier «Eg sa ikkje nei til noko av det auga ønskte; eg nekta meg inga glede.» Men verken damer, vin, hus og hage, juvelar eller det å bestemme over andre gir han den gleda og lukka han såg for seg. Alt var tomheit og jag etter vind.

I Forkynnaren finn vi ei sterk og klar analyse av kva forbrukarlivet **ikkje** kan levere. Og boka peikar framover mot den einaste som kan fylle dei behova vi prøver å dekke gjennom forbruket vårt, nemleg Jesus, han som fyller alt i alle.

# VIND™, NO PÅ TILBOD!

Les teksta  
Fork. 2, 1-11/24-25



Bibel

## -vegleiande spørsmål:

- Kva slags gode ting kan du lese ut frå teksta at Forkynnaren har testa ut?
- Kva er det i vår situasjon som svarer til desse gode tinga?
- Kva er viktig i vers 24 og 25, tenkjer du?



Misjon

## - gjennom deg og vidare

Har det hendt når du har vist fram noko nytt du har skaffa deg at du ikkje kunne skjule kor begeistra du var for den nye tingen? Når?

Kva om du gjorde det same med evangeliet?

"Ingen naturlege kjensler er opphøgde eller låge, heilage eller ugudelege i seg sjølv. Dei er alle heilage når Guds hand har styringa. Dei vert alle forderva når dei riv seg laus og gjer seg sjølv til avgudar".

-C.S. Lewis,  
*Den store skilsmissa* (1944)



Bøn



Fellesskap

## -den ærlege samtalen

- Har du dømme frå bøker, film, seriar eller liknande på nokon som ser ut til å ha eit usunt forbruk?
- Kva gjer at du kjøper ting du strengt tatt ikkje har bruk for?
- Kan du sjå at du nokon gong har gitt tinga og jakta på nye ting for stor plass i livet ditt?



Raushet

## - takksam deling

Ofte angrar vi på ting vi har kjøpt som var unødvendige eller unødvendig dyre. Men har du nokon gong angra på ting eller pengar du har gitt bort?

Kan Gud bruke samvitet ditt til å styre forbruket mot det som varer i all æve?

## - takk, bøn og forbøn

- Takk Gud for alle dei gode tinga vi har fått, og be han hjelpe oss slik at dei peikar oss mot han og ikkje bort frå han.
- Be om at vi ikkje må setje vår lit til ting som forsvinn, men til dei tinga som varer, som er evige.
- Del bøneemne og be gjerne for kvarandre eller for andre personar.



Kva høyrdé eg?

Kva gjer eg med det?

-korleis det gode så lett tek plassen til Den Gode

Måten vi veks på som kristne er å lære oss å skilje ut kva som er Guds tale til oss og så handle på det. Av alle samtalane, tekstane og bønene i dag: Kva har blitt ståande som viktigast? Under kan du skrive kva det er, og kva slags respons du vil gje dette. Du bestemmer sjølv om du vil dele dette med gruppa.